



**Konkurransesgrunnlag**  
**for kjøp av**  
**REINHALDSTENESTER**

Open anbodskonkurranse over EØS-terskelverdi – (FOA del I og III)

saknr. 21/1921

**Tilbudsfrist: 15.10.21**

**Innholdsliste**

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1	Om oppdragsgivar .....	3
1.2	Føremål og omfang på anskaffinga .....	3
1.3	Deltilbod .....	4
1.4	Kontraktsvilkår .....	4
<b>2</b>	<b>Om konkurransegjennomføringa</b> .....	<b>5</b>
2.1	Anskaffingsprosedyre .....	5
2.2	Språk .....	5
2.3	Framdriftsplan .....	5
	<b>Datoane etter tilbudsfrist kan bli justerte.</b> .....	<b>5</b>
2.4	Synfaring .....	5
2.5	Retting, supplering og/eller endring av konkurransegrunnlaget .....	6
2.6	Spørsmål til konkurransegrunnlaget .....	6
<b>3</b>	<b>Løns- og arbeidsvilkår</b> .....	<b>6</b>
<b>4</b>	<b>Offentlegheit og teieplikt</b> .....	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)</b> .....	<b>7</b>
5.1	Generelt om ESPD .....	7
5.2	Nasjonale avvisingsgrunnar .....	7
<b>6</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV</b> .....	<b>7</b>
6.1	Generelle krav .....	8
6.2	Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren .....	8
<b>7</b>	<b>TILDELINGSKRITERIUM</b> .....	<b>9</b>
<b>8</b>	<b>Innlevering av tilbod og tilbodsutforming</b> .....	<b>10</b>
8.1	Innlevering av tilbod .....	10
8.2	Tilbodsutforming .....	10
8.3	Vedståingsfrist .....	11
8.4	Atterhald og avvik .....	11
8.5	Tilbakekalling eller endring av tilbod .....	11
<b>9</b>	<b>Avslutning av konkurransen</b> .....	<b>11</b>
9.1	Melding om val av leverandør og karenperiode .....	11
<b>10</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>11</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Om oppdragsgivar

Osterøy kommune ligg på Osterøy, ei av dei største innlandsøyene i Nord-Europa, som er 329 km<sup>2</sup>. Innbyggjartal 8 104 pr. 30.06.20. Kommunesenter er Lonevåg og andre tettstader er Valestrand, Haus og Fotlandsvåg. Øya ligg nordaust for Bergen i Hordaland fylke. Ein viser elles til [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no) for meir informasjon.

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn:	Nathan Lamp
e-post	<a href="mailto:nathan.lamp@osteroy.kommune.no">nathan.lamp@osteroy.kommune.no</a>

Eventuelle spørsmål kan rettast til kontaktpersonen per e-post eller Doffin. Alle spørsmål vil verte sendt ut via Doffin i anonymisert form.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 1.2 Føremål, omfang og atterhald

Osterøy kommune utførar reinhaldet i dei fleste kommunale bygga med eigne tilsette. Formannskapet har bede om at ein konkurranse om reinhaldet i kommunen gjennomførast.

Konkurransen gjeld alle bygg som er teken med i kravspesifikasjonen. Oppdragsgjevar skal ha rett til å utvide eller redusere omfanget av oppdraget som følgje av endring i kommunal eigedomsmasse på same vilkår. Vidare rett til å utvide med kommunale bygg som ikkje er omfatta av denne konkurransen på same vilkår. Det same gjeld leigde bygg.

Oppdragsgjevar tek atterhald om politisk godkjenning, og har retten til å avlyse konkurransen i sin heilhet.

Oppdraget omfattar reinhald på dei lokalitetane som er skildra i kravspesifikasjonen. Det er totalt eit areal på **ca. 26.000 m<sup>2</sup>** som regelmessig skal reinhaldast.

Avtalen skal ha ei varigheit på 2 år med opsjon for 1+1 år på same vilkår.

For meir informasjon om omfanget av og innhaldet i anskaffinga blir det vist til kravspesifikasjonen.

### 1.3 Deltilbud

Det er ikkje høve til å gi tilbud på delar av oppdraget. Grunngevinga er at det vert mindre oppfølging med ein leverandør enn med fleire.

### 1.4 Kontraktsvilkår

Som alminnelege kontraktsføresegn gjeld NS8431.

Vidare gjeld følgjande spesielle kontraktsvilkår

- Valde leverandør kan ha maksimalt ett ledd i leverandørkjeden under seg.
- Prisane skal vere faste i 12 mnd og kan deretter justerast i samsvar med tariffendringar med utgangspunkt i tilbodssum. Alle prisendringar skal dokumenterast og varslast 60 dagar før.

### 1.5 Særlege vilkår - atterhald

- **Verksemdsoverdraging, løns- og arbeidsvilkår**

Konkurransesetjing av reinhaldstenestene er å rekne som verksemdsoverdraging etter reglane i Arbeidsmiljølova Kap. 16.

Leverandør må overta kommunen sine tilsette reinhaldarar, og må som ny arbeidsgjevar ivareta dei tilsette sine rettar. Kommunen har gjort sine tilsette merksam på denne konkurransen.

Det vert i kontrakten stilt krav til løns- og arbeidsvilkår etter reglane i forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter.

- **Eigenregi - atterhald**

Osterøy kommune tek atterhald om å vurdere tilboda opp mot reinhald utført. Dersom kommunen finn det økonomisk mest fordelaktig å utføre reinhaldet i eigenregi, vil reinhaldet framleis kunne verte utført slik. Vi tek *"atterhald om fortsatt kommunal drift om tilboda som kjem inn ikkje gjer betre eller rimelegare tenester innan reinhald enn vi har i dag.*

*Dvs. tilboda held ikkje mål prismessig og/eller tilbydar har manglande leveringsevne, kompetanse, referansar eller faglig oppfølging av tilsette."*

- **Varelager av reinhaldsmidlar, utstyr og maskinpark**

Kommunen si behaldning av reinhaldsmidlar, utstyr og maskinpark kan overtakast av leverandør til ein pris som vert særskilt avtala ved inngåing av kontrakt.

## 2 Om konkurransegjennomføringa

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1(1).

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er følgjeleg ikkje høve til å endre tilbudet etter tilbudsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbud som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8(1) b. Oppdragsgivar kan avvise tilbud som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8(2) a i forskrifta.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

### 2.2 Språk

All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med denne konkurransen skal skje på norsk. Språkkravet gjeld også sjølve tilbudet. Eventuell etterspurt dokumentasjon som ikkje finst på norsk kan leverast på engelsk, eller eit anna skandinavisk språk.

### 2.3 Framdriftsplan

For anskaffinga er det lagt opp til denne framdriftsplanen.

Aktivitet	Dato
Kunngjering i Doffin	15.09.2021
Synfaring	23.9.21 kl.10
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	08.10.2021kl.12
<b>Tilbudsfrist</b>	<b>15.10.2021 kl. 12</b>
Tilbudsevaluering	Veke 42-43
Kontraktstildeling	Veke 44
Politisk handsaming	November/desember

Datoane etter tilbudsfrist kan bli justerte.

### 2.4 Synfaring

Det vil bli halde synfaring om det er interesse for det.

Tid: **Tysdag 23. september 2021 kl. 10**  
 Stad: **Lonevåg barneskule, Solbjørgsdalen 13**  
 Kontaktperson: **Solgunn Presttun**  
 Kontaktnummer: **91340724**

Kontaktnummeret over skal berre brukast for kontakt som gjeld synfaring. All annan kommunikasjon skal gå via kontaktpersonen til oppdragsgivar, jf. pkt.1.1.

Kvar leverandør kan stille med maksimalt **2 personar**. Dei som ønskjer å stille på denne synfaringa meldar seg på til:

E-post: [Solgunn.Presttun@osteroy.kommune.no](mailto:Solgunn.Presttun@osteroy.kommune.no)

Kostnader leverandør pådreg seg i samband med tilbodssynfaringa, under dette også reiseutgifter, dekkjast av den enkelte leverandør.

Vi bed om at påmelding til synfaring sendast snarast mogleg, og seinast innan utgangen av **22. September 2021**.

Referat frå synfaringa vil gjerast tilgjengeleg for alle som har meldt interesse for konkurransen på Doffin/TED.

## **2.5 Retting, supplerings og/eller endring av konkurransegrunnlaget**

Innan utløpet av tilbodsfristen har oppdragsgivaren rett til å gjere rettingar, supplerings og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, supplerings og/eller endringar i konkurransegrunnlaget vil gjerast tilgjengeleg for alle som har meldt interesse for konkurransen på Doffin/TED.

## **2.6 Spørsmål til konkurransegrunnlaget**

Oppdragsgivar oppfordrar leverandøren til å setje seg tidleg inn i konkurransedokumenta og stille spørsmål om noko er uklårt. Eventuelle spørsmål leverandørane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 2.3.

Spørsmål skal sendast skriftleg per e-post til Oppdragsgivar sin kontaktperson. Alle spørsmål vil bli svara på i anonymisert form og gjort tilgjengelege for alle som har meldt interesse for konkurransen på Doffin/TED

## **3 Løns- og arbeidsvilkår**

For dette oppdraget gjeld Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar (Forskrift 8.februar 2008 nr. 112). For vikarane som blir leigde ut til oppdragsgivar, gjeld også arbeidsmiljølova § 14-12a. Dette er nærare regulert i rammeavtalen.

Valde leverandør forpliktar seg til å gi ein rapport om korleis verksemda varetar krava i kontrakten på dette området.

## **4 Offentlegheit og teieplikt**

Etter at val av leverandør er gjort, er tilbod og anskaffingsprotokoll offentlege dokument, jf. FOA §3-5 og offl.§ 23(3). Oppdragsgivar pliktar likevel å hindre at andre

får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 3-6 jf. forvaltningslova.

## **5 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)**

### **5.1 Generelt om ESPD**

Som ein førebels dokumentasjon på oppfyljing av kvalifikasjonskrav, at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar og eventuelt oppfyljing av utveljingskriterium, skal leverandøren fylle ut vedlagde ESPD-skjema. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet. Den leverandøren som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfyljing av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

### **5.2 Nasjonale avvisingsgrunnar**

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsette i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivaren sin medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i anskaffingsforskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

## **6 KVALIFIKASJONSKRAV**

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

## 6.1 Generelle krav

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister/fagleg register/eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Norske selskap: Firmaattest</li> <li>Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.</li> </ul>
Tilbydar skal ha ordna forhold m.o.t. betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift. Skatteattest skal ikkje være eldre enn 6 månadar rekna frå tilbudsfristens utløp.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skatteattest</li> <li>Utanlandske tilbydarar skal leggje fram attestar frå tilsvarande styresmakter som dei norske.</li> </ul>
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg finansiell styrke til å kunne oppfylle kontrakten	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.</li> <li>Omsetninga skal minimum vere to gonger forventa kontraktsverdi.</li> </ul>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

## 6.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren



Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå reinhaldsoppdrag som er mogleg å samanlikne med.	Referanseliste over reinhaldsoppdrag dei siste 3-5 år som er moglege å samanlikne med. Leverandørar som er nyetablerte og som difor ikkje kan leggje fram referansar, må sannsynleggjere at dei har føresetnader for å gjennomføre kontrakten. Tilbydar skal gjere greie for selskapsdanninga og kompetanse og erfaring hos tilsette.
Leverandøren må ha god kapasitet tilpassa omfanget på oppdraget.	Skildring av tilgjengeleg teknisk støtteapparat, maskiner eller teknisk utstyr som skal bidra til gjennomføring av kontrakten.
Det krevjast eit godt og velfungerande kvalitetssikringssystem for ytingane som skal leverast.	Framstilling som gjeld kvalitetssikringssystemet til firmaet. Om tilbydaren er sertifisert av eit offentleg sertifiseringsorgan, er det tilstrekkeleg at kopi av utferda sertifikat leggjast ved. Om tilbydaren ikkje er sertifisert, må kvalitetssystemet dokumenterast, t.d. ved å leggje ved ei kvalitetshandbok som gir ei skildring av systemet for kvalitetsstyring og korleis det er iverksett i organisasjonen.
Leverandøren skal vere godkjent i reinhaldsregisteret til Arbeidstilsynet. For leverandørar som ikkje er godkjente enno, skal dei ha søknad under behandling. Om leverandøren ikkje blir godkjent av Arbeidstilsynet, vil kontrakten opphøre med umiddelbar verknad.	Kopi av godkjenning utferda av Arbeidstilsynet. For leverandørar som endå ikkje er godkjente, kan kopi av søknad / stadfesting på søknad leverast.
Leverandøren skal kunne sikre miljøomsyn ved gjennomføring av tenesta.	Leverandøren kan dokumentere kravet ved framlegging av relevante miljøsertifikat, slik som EMAS eller ISO 14001 eller tilsvarande, eller ved ei skildring av eige system og rutinar for miljøpolitikk, miljøstyringsordning, opplæring av tilsette innan miljøvenleg reinhald etc.

## 7 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
<b>Totale kostnader</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Totale kostnader vil bli evaluerte ved at faste og variable kostnader summerast i høve til eit estimert årleg forbruk.</li> </ul>	70 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ferdig utfylt prisskjema. Prisane skal vere i NOK inklusive alle påslag og administrasjonskostnadar, reisekostnadar, bruk av bilar, utstyr, reinholdsmidlar, klutar osv.</li> </ul>
<b>Kvalitet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Løysingsframlegg for oppretthalding av rett kvalitet i høve til oppgitte spesifikasjonar.</li> <li>- Utføring av inspeksjonar, avvikshandtering og rapportering</li> <li>- Fagleg oppfølging av tilsette</li> <li>- Tilbyde reinhaldsleiar si relevante erfaring frå reinhald, samt leiingskompetanse</li> </ul>	30 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utgreiing for tilbydar si forståing av reinhald på det konkrete oppdraget, under dette rutinar for å sikre leveransen og organisering av oppdraget.</li> <li>- Utgreiing for inspeksjonar, avvikshandteringa og rapportering på oppdraget.</li> <li>- CV for tilbyde reinhaldsleiar og utgreiing for kompetanse, samt utgreiing for reinhaldsleiar / teamleiar si oppfølging i lokala til oppdragsgivar</li> <li>- Skildring av oppfølging ved sjukmelding og tiltak for å førebygge sjukemelding.</li> <li>- Skildring av fagleg oppfølging</li> <li>- Skildring av miljøomsyn for dette oppdraget (bruk av materiell og kjemikaliar)</li> </ul>

## 8 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

### 8.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal innleverast elektronisk via Doffin.

### 8.2 Tilbodsutforming

Tilbodet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angir. Tilbodet skal vere digitalt underteikna (skanna kopi av underskriva tilbod akseptert) av ansvarleg representant for tilbydar. Det er ikkje ønskjeleg at tilbodet leverast inn som eit komplett pdf-dokument.

### **8.3 Vedståingsfrist**

Tilbydar må vedstå seg tilbodet sitt ut 31.12.2021 grunna politisk handsaming.

### **8.4 Atterhald og avvik**

Vesentlege atterhald og avvik vil føre til avvising av tilbodet.

Eventuelle atterhald og avvik skal gis opp presist og eintydig slik at oppdragsgivar kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren. Atterhald og avvik skal på ein klar og utvetydig måte referere til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget, og skal eventuelt gjerast greie for i tilbodsmappa, jf. vedlegg 1 punkt 5.

Leverandøren skal tydeleg oppgi kva slags konsekvensar eventuelle atterhald og avvik har for ytinga, prisen og/eller andre forhold ved tilbodet.

### **8.5 Tilbakekalling eller endring av tilbod**

Eit tilbod kan kallast tilbake eller endrast inntil utløpet av tilbodsfristen. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Endring av tilbodet er å rekne som eit nytt tilbod og må tilfredsstillе alle formalkrav.

## **9 Avslutning av konkurransen**

### **9.1 Melding om val av leverandør og karenperiode**

Oppdragsgivar informerer alle leverandørar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgivaren har til formål å tildele kontrakt til, så snart val av leverandør er gjort.

Ein karenperiode frå dagen tildelinga gjerast kjent, til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåinga), vil gå ut kl.12:00 ti (10) dagar frå tildelingsdatoen.

Dersom oppdragsgivaren finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan avgjerda annullerast fram til kontrakt er inngått.

## **10 Vedlegg**

Vedlegg 1 - Kravspesifikasjon

Vedlegg 2 - Oversikt over bygg

Vedlegg 3 - Romskjema

Vedlegg 4 - Interkommunal renholdsnorm  
NS-INSTA 800

Vedlegg 5 - Prisskjema

Vedlegg 6 - Kontrakt

Vedlegg 7 - Eigenrapportering skjema løns- og arbeidsvilkår